

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22. og 23.11.2017

Roald Kvamme (A) sette på vegner av A, KrF, Sp og SV fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 6:

Matavfall må sorterast og gjenbrukast til produksjon av biogass.»

Nils Marton Aadland (H) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 1:

Fylkesutvalet oppmodar dei sju industriverksemndene om å intensivere arbeidet med å optimalisere drifta for å redusere utsleppa av klimagassar.»

Røysting

Aadland sitt forslag punkt 1 vart samråystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga punkt 1.

Innstillinga punkt 2-6 vart samråystes vedteken.

Kvamme sitt tillegg punkt 6 vart samråystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet oppmodar dei sju industriverksemndene om å intensivere arbeidet med å optimalisere drifta for å redusere utsleppa av klimagassar.
2. Fylkesutvalet støttar satsinga på omlegging frå fossil til fornybar energi i prosessindustrien. Ei omlegging her vil gi store utsleppsreduksjonar og kan vere ein inspirasjon til andre verksemder om å gjere det same.
3. Fylkesutvalet vil understreke hastemomentet i arbeidet med å redusere klimagassutslepp frå industrien. Det europeiske kvoteregimet er i dag ikkje eit effektivt nok verkemiddel til å oppnå måla som er satt for 2020 og 2030. Fylkesutvalet ber Olje- og energidepartementet om å revurdere vedtaket om at Enova ikkje lenger skal gi støtte til energileiingstiltak i kvotepliktig sektor. Det er framleis behov for nasjonale verkemidlar og incentivordningar retta mot kvotepliktig industri.
4. Forsking og teknologiutvikling er nødvendig for å oppnå optimalisering og omlegging i industrien og kan føre til ny industriell aktivitet med klimavenleg profil. Samarbeidet mellom forskingsmiljøa og industrien på Vestlandet må styrkast ytterlegare, og fylkesutvalet vil medverke til det.
5. Karbonfangst og -lagring er ein nødvendig del av løysinga på klimautfordringane. Teknologisenteret på Mongstad må utviklast vidare. Pilotprosjekt for lagring av CO₂ må gjennomførast.
6. Avfallsindustrien er ikkje kvotepliktig, men står for store utslepp, mellom anna frå brenning av matavfall og plast. CO₂-fangst må utgreiaast på forbrenningsanlegget i Rådalen. Matavfall må sorterast og gjenbrukast til produksjon av biogass.